

## **Sak 36-19 Bruk av blanke sekkar i Miljøstasjonen**

Tilråding til vedtak:

Styret vedtek at berre transparente sekkar kan nyttast i Miljøstasjonen frå og med 2020. Dagleg leiar vert bedt om å sette i verk kommunikasjonsaktivitetar for å få gjennomført vedtaket, slik at overgangsperioden vert så kort som råd.

### **Saksutgreiing:**

Styret gjorde i budsjettsak 2020 vedtak om å innføre transparente sekkar til bruk som ekstrasekkar på grunnlag av framlegg frå ein av styrerepresentantane. Denne saka er såleis ei naturleg vidareføring av det vedtaket.


Stadig fleire avfallsselskap sett krav til at innbyggjarar og næringsliv leverer avfall i gjennomsluktige sekkar ved avfallsmottak. Nordmøre Interkommunale Avfallsselskap her i fylket har hatt dette i år, og rapportera om godt resultat av dette i form av betre sortering. Øras, Simas, TRV, Avfall Sør og fleire har og praktiserar dette. Tilsvarande skjer i privat sektor. Dei store nasjonale private selskapa Ragn Sells og Norsk Gjenvinning har alt innført dette. Såleis kan ein slå fast at dette er den nye standarden i Noreg ved levering av avfall.

Bruken av gjennomsluktige sekkar er eit tiltak for å redusere risikoen for brann, personskadar og feil handtering av farleg avfall. Seinast 19 september opplevde VØR at ein eksplosiv gjenstand gjekk av og tok fyr i grovavfallet. Gjenstanden var innlevert i ein svart sekk.

Feilsortering av avfall fører kvart år til brannar i avfallsbransjen. Dette skyldast ofte batteri eller andre energikjelder som har hamna blant brennbart avfall, eller farleg avfall kome på avvegar. Med gjennomsluktige sekkar blir det lettare å kontrollere og sjå feilsortering, og slik unngå farlege situasjonar.

SSR og ÅRIM har gitt signal om dei vil innføre forbod mot svarte sekkar etter nyttår i 2020, og det vil då vere naturleg at VØR gjer det same. På denne måten kan ein også samkøyre kommunikasjonen ut til innbyggjarane.

Tilrådinga er med dette at VØR innfører forbod mot bruk av svarte sekkar til levering av avfall på miljøstasjonen frå januar 2020, men med ei overgangsperiode slik at gamle lager med sekkar vert brukt opp.



Petter Bjørdal

Dagleg leiar